

# Økologisk mat og landbruk i Rogaland



Utgitt av: Fylkesmannen i Rogaland, landbruksavdelinga

Årgang 14 nummer 1

August 2016

Ivrige lesarar har lagt merke til at nyheitsbrevet ikkje kjem like hyppig som før. Grunnen er at facebookside "Økologisk Rogaland" har fleire og

fleire følgjesvennar og vi legg mykje informasjon ut der. Nå er det om lag 1.529 som liker Økologisk Rogaland, og talet er aukande.

Vil du vere oppdatert, sjekk facebook – du treng ikkje å vere på facebook sjølv.

## Gartnerhallen treng fleire økoprodusentar

**Gartnerhallen melder om stort behov for økologisk frukt og grønsaker, spesielt innan frilands- og lagringsgrønsaker, potet, frukt og bær.**

Gartnerhallen vil kome i kontakt med produsentar som enten driv økologisk i dag, eller som har planar om å legge om. Planlegginga av neste sesongen begynner snart, og difor ønsker Gartnerhallen å kome i kontakt med motivererte produsentar snarast og innan 1.september.

Det spelar inga rolle om du er medlem i Gartnerhallen frå før. Ring eller send epost til Arve Gladheim (tlf 91 88 00 66, arve.gladheim@gartnerhallen.no) For meir informasjon kan du gå inn på nettstaden [www.gartnerhallen.no](http://www.gartnerhallen.no) i menyen under aktuelt.

Er du usikker på om økologisk produksjon er noko for deg? Du treng ikkje å legge om heile garden. Ta kontakt med Annabell Pfluger hos Fylkesmannen for ein prat på 5156 8971 eller e-post [fmroapf@fylkesmannen.no](mailto:fmroapf@fylkesmannen.no)

**«Vi trenger alle bonden, og bonden trenger den bevisste forbruker, kokk og kjøpmann.»**



ØKOUKA er ei feiring av norsk økologisk mat, med fokus på råvarer, kunnskap og inspirasjon. Målet er å treffe, engasjere, lære og inspirere kvarandre innan tema som omhandlar økologi og ein meir berekraftig utvikling. Vi ønsker å legge tilrette for gode møteplassar mellom produsentar, forbrukarar og den profesjonelle marknaden. ØKOUKA arrangerast i mange fylke. Les meir om det på [www.okouka.no](http://www.okouka.no)



## ØKOUKA i Rogaland 24.sept-1.okt



I disse dagar jobbast det hardt med å finpusse programmet for ØKOUKA. Om kort tid legg vi ut ein oversikt på facebookside [«ØKOUKA i Rogaland»](#) med informasjon om mange spennande arrangement.

Her kjem nokre smakebitar:

- 24.09. Øko-marknad på Gamle Slakthuset, Haugesund
- 25.09. Open økologisk gard, Ullandhaug økologiske gard, Stavanger
- 27.09. Fagdag for økologisk landbruk for produsentar på Øksnevad vgs
- 27.09. Foredrag med Marianne Leisner om urbant landbruk på kulturhuset i Stavanger
- 1.10. kl Marknad i Sentrum med mange øko-boder
- ....Kurs om surbrøddeig, ysting, urtete, babymat, fermentering og mykje meir. [Følg med på facebook!](#)

Oikos Rogaland med prosjektkoordinatoren Kari Meek er initiativtakar til ØKOUKA i Rogaland, i tillegg er mange bedrifter og organisasjonar involverte i enkelte arrangement. **Har du lyst til å hjelpe til?** Ta kontakt med Kari meek.kari@gmail.com eller send melding på facebook.

Nyheitsbrevet er eit gratis informasjonsblad som blir sendt til økologiske produsentar, medlemar i Oikos Rogaland, landbruksforvaltinga i kommunane og andre aktørar som ønskjer informasjon om økologisk landbruk. Ønskjer du ikkje å ta imot brevet, gi melding til Annabell Pfluger på 51 56 89 71 eller [fmroapf@fylkesmannen.no](mailto:fmroapf@fylkesmannen.no)

## Ystekurs: Mjølke på ymse vis 12.nov på Helleland

Kurs i foredling av mjølke laurdag 12.november kl 10-15 på Helleland grendehus. Med Lise Brunborg frå Stavanger Ysteri

### PROGRAM

- 1000 Velkomen og presentasjon
- 1030 Gjennomgang av program for dagen
- 1045 Start ysting av Feta
- 1115 Teori
- 1145 Tilset løype til Feta
- 1150 Lunsj
- 1230 Skjer og rør Feta
- 1300 Form Feta
- 1330 Inspirasjon
- 1430 Snu Feta
- 1440 Spørsmål og avslutting
- 1500 Vel heim

**Målgruppe:** mjølkeprodusentar og andre interesserte. Ta med deg ektefelle, ven eller andre som har interesse for dette spanande faget.

Pris: kr 200. Bindande **påmelding innan 4.november** til [fmroese@fylkesmannen.no](mailto:fmroese@fylkesmannen.no) eller 41418510 (begrensa tal plassar)



På [renmat.no](http://renmat.no) finn du mange gode oppskrifter for sesongens råvarer og nyttige tips rund mat og helse. [Bli medlem](#) i Oikos og få magasinet Ren Mat gratis sendt i posten fire gonger i året!

## Oikos Rogaland på Agrovisjon 28.-30.oktober

Oikos Rogaland kjem til å ha stand på Agrovisjon i Stavanger, denne gangen i fellesskap med Rogaland Småbrukarlag.

Er du medlem i Oikos (eller har lyst å bli) og **kan tenke deg å stå på standen?** Ta kontakt med Annabell: [rogaland@oikos.no](mailto:rogaland@oikos.no) eller 9761 3807. Vi deler opp dagane i 2-3 skift slik at du og har anledning å gå over messa.

### Opningstider på messa:

fredag og laurdag kl 9-18, søndag kl 9-16  
Ved sida av utstillinga, vil det og vere fagleg og sosialt program. [www.agrovisjon.no](http://www.agrovisjon.no)



**Lise Brunborg** starta hausten 2015 eit eget ysteri midt i Stavanger sentrum med fokus på berekraftige råvarer, kompetanse, godt modna ostar og dagsferske meierivarer av beste kvalitet. Ho har brei bakgrunn innan mjølkeforedling, og vil dele av sine erfaringar og gi kunnskap om korleis ulike handverksprodukt av mjølke blir laga.

## Urbant landbruk

Det er i dag ein internasjonal trend med ulike grønne initiativ i urbane strøk. Oslo har fått en bybonde, Trondheim har danna eit «nettverk for urbant og bynært landbruk» og i Bergen inspirerer organisasjonen «Berekraftig liv på Landås» til eit annleis liv. Fleire og fleire andelslandbruk dukkar opp over heile Norge.

Kor er Stavanger, Sandnes og Haugesund - Rogaland? Jo da, det rører seg noko i vårt fylke også. I løpet av hausten kjem «vi» tilbake med ei oversikt over kva som skjer og korleis du kan engasjere deg. «Vi» er Rogaland Hageselskapet med støtte frå Fylkesmannen.

### Kva meiner vi med «urbant landbruk»?

Det kan vere gardsdrift som drar nytte av nærleik til byen eller tettstaden ved sal av gardsprodukt rett til forbrukarar eller tenester som besøkgard, andelsgard mm. Det kan også være initiativ som har fokus på det sosiale, å kunne dyrke sjølv eller oppleve fellesskap og som ikkje legg vekt på sal av produkt som kolonihage, fellestage osv.

Klør det i fingrane? Kanskje [Byhagen Haugesund](#) treng ei hjelpande hand eller [Parsellhagen Kleppe](#) har noko ledig? Ønsker du å bli medlem på eit andelslandbruk? Da bør du sjå på [Andelslandbruk Nedstrand](#), [Sandnes Andelslandbruk](#) og [Solbakken Andelsgard](#) (Randaberg).

